Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 | Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Åseral

Emne: Ard og Plog | Bygdelag: Åseral

Oppskr. av: Gunhild A. Lunland | Gard: Lunland

(adresse): Åseral | G.nr. 25 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.) Arden hev vore brukt før, no er det plog

2.) Dei som no er 60-70 år minnest då det var plögd med ard. på bratte gardar heldt den seg lengst. „No gryler den godt", sa Ander Espelid når der var myktji stein i åkeren. Brukte den før såingen bare ein veg. Myldet med kornet med riva sinnare etterpå.

3.) Den bruktes til å setja poteter med ikkji som hyppeplog. Hyppeplog hev kome i sinnare tid og brukast bare til å hyppa (reita) potetene med.

4.) Type Fig. 1 var brukt, men type Fig. 3 til å feste skjekene på

5.) Skjekene på Fig. 4 var brukt på Fig. 3

6.) Namni på dei ymse luter på arden kan eg ikkji få tak i, men på plogen er det desse: Ein plogarm eit plogjern eit plogstyre ei veltefjöl ein ristil ein skumskjerar

4191

2

7-8-9-10-11-12 Det som er spurt um i desse spursmål kan ikkje dei gamle hugsa noko um.

13) No brukes bare moderne fabrikssmidde plogar. Lars G. Sunland som no er 72 år minnest den fyrste plogen som kom. Den kom frå Laudal i Vest Agder. Seinare var det ein i Åseral og som smidde plogar ut bel.

14.) Dei gamle hugsar bare type nr. 1 Veltefjöla var flat. Den var av tre med jernbeslag.

16.) Ein veltet plogen til den sida som veltefjöla er når ein köyrde tilbake

22) Ikkje nokon serskilt slede til å köyra plogen på heimanfrå

23.) Ein brukar ikkje ordet ard um nokon slags plog no, eller deler av plogen.

Dei ploger som brukast no gjeng under namnet Kvernelands, Lunds og Kyllingstad

Ard (aren) um are

4191

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING